

## Kort om energimerking

- Alle bustader som skal seljast eller leigast ut, skal vere energimerkte.
- Energimerking av bustad gjer du enkelt og gratis på [www.energimerking.no](http://www.energimerking.no).
- Energiattesten skal alltid inngå i marknadsføringa av bustaden.
- Kontakt Enova Svarer på tlf. 800 49 003 eller [svarer@enova.no](mailto:svarer@enova.no) ved spørsmål.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er ansvarleg for, og fører tilsyn med, energimerkeordninga.



# Energimerk bustaden din

[www.energimerking.no](http://www.energimerking.no)



Revidert mai 2013



# Kvifor energimerkje bustaden?

Formålet med energimerking er å auke bevisstheita om energieffektivisering og val av energikjelde i bustader.

Når du energimerker, får du ein energiattest som viser kor energieffektiv bustaden er, og kva energikjelder som kan brukast til oppvarming. Du får også tips om korleis du kan gjere bustaden meir energieffektiv.

## Kva fortel energiattesten?

Energimerket består av éin oppvarmingskarakter og éin energikarakter, som til saman fortel om energistandarden i bustaden. Energimerket er symbolisert med eit hus, der fargen viser oppvarmingskarakter og bokstaven viser energikarakter.

**Oppvarmingskarakteren** viser kor stor del av oppvarmingsbehovet (romoppvarming og varmtvatn) som kan dekkjast av anna enn elektrisitet, olje eller gass. Grøn farge betyr liten del av elektrisitet, olje eller gass, medan raud farge betyr stor del.

## Døme på oppvarmingskarakterar

**Grønt:** vassboren oppvarming basert på biobrenselkjel, med elektrisitet som spisslast


**Gult:** luft til luft varmepumpe og lukka vedomn, saman med direkte elektrisk oppvarming

**Raudt:** berre elektrisk oppvarming eller oljefyring

**Energikarakteren** viser kor energieffektiv bustaden er, inkludert oppvarmingsanlegget. Karakterskalaen går frå **A** (svært energieffektiv) til **G** (lite energieffektiv).

- A – B** Lågenergibygningar, passivhus o.l.  
Dette er bygningar som normalt tilfredsstiller strengare krav enn det som er oppgitt i byggjeforskriftene, og/eller har eit effektivt varmesystem.
- C – D** Bygningar etter byggjeforskriftene frå 2010 vil normalt få C eller D.
- E – G** Dei aller fleste eksisterande bustader er bygde etter mindre strenge tekniske forskrifter enn dei som gjeld i dag.

Når merkinga er gjennomført, får du ei liste over tiltak som gjer bustaden meir energieffektiv.



## Seljaren eller utleigaren er ansvarleg for å energimerkje bustaden

Energimerket skal vere med i marknadsføringa av bustaden ved sal eller utleige. Heile energiattesten med tiltaksliste skal leggjast fram for potensielle kjøparar/leigetakarar og inngå i prospektet. Energikarakteren og oppvarmingskarakteren bør vere synlege ved annonsering.

Det er seljaren eller utleigaren som har ansvar for at bustaden blir energimerkt. Manglar ved eller ueinigheit om energiattesten er eit tilhøve mellom seljaren og kjøparen av bustaden. Seljaren kan bli erstatningsansvarleg dersom det er oppgitt feil informasjon. Dersom seljaren på skriftleg førespurnad ikkje har lagt fram energiattest før det er inngått avtale om sal, kan kjøparen få laga ein energiattest ved hjelp av ein ekspert som seljaren betaler.

Det er plikt til energimerking for alle bustader, men **for leilegheiter med bruksareal på 50 m<sup>2</sup> eller mindre** kan eigaren bruke ein attest som gjeld bygningen som heilskap. **Fritidsbustader** som blir nytta mindre enn fire månader i året, treng ikkje merkjast ved utleige.

## Dette treng du for å energimerkje på [www.energimerking.no](http://www.energimerking.no):

- **Pinkode til MinID, Bank ID o.l.:** Nye pinkodar kan tingast på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no).
- **Gards- og bruksnummer.** Opplysningar om eigedommen finst i prospektet, takstdokumentet, kjøpekontrakten og skøyttet. Dersom du ikkje finn nødvendig informasjon, kan du ta kontakt med kommunen.
- Dersom du bur i leilegheit, treng du også **bustad- eller seksjonsnummer.**
- **Bruksarealet i bustaden.**
- Ha gjerne tilgjengeleg straumfaktura eller oversikt over **straumbruken det siste året.**
- Dersom du vil opplyse om **detaljar om utbetringar** (etterisolering, nye vindauge mv.) eller tilbygg, treng du teikningar eller dokument som beskriv kva som er utført.

## Slik gjennomfører du energimerkinga

- Gå til [www.energimerking.no](http://www.energimerking.no) og logg inn ved hjelp av ID-porten.
- **Velg enkel eller detaljert registrering.** Enkel registrering tek omtrent 5 minutt. Du må oppgi bustadareal, byggeår og oppvarmingssystem. Detaljert registrering gir ei meir presis berekning av energitilstanden. Dersom du har gjennomført utbetringar i bustaden (etterisolert, kjøpt varmepumpe eller liknande) må du velje detaljert registrering for at det skal bli teke omsyn til. Detaljert registrering tek rundt 30 minutt.
- **Fyll ut energimerkinga trinn for trinn.** Du kan når som helst lagre og fyller ut resten seinare.
- Når registreringa er fullført, får du ein **energiattest med energimerket.** Attesten blir lagra hos NVE og kan hentast opp igjen seinare, dersom det er behov for å gjere endringar. Attesten kan skrivast ut med ein gong eller lagrast som PDF-fil.

**- ALLE KAN NÅR SOM HELST MERKE BUSTADEN SIN**  
**- ENERGIMERK BUSTADEN DIN ENKELT OG GRATIS PÅ [WWW.ENERGIMERKING.NO](http://WWW.ENERGIMERKING.NO)**  
**- SPØRSMÅL? RING ENOVA SVARER PÅ TLF.: 800 49 003**